

Vurdering av fordeling av tilskot til drift og forvaltning av verna fartøy i Vestland 2021

Fartøy	Søklar	Tot.kost	Søknadssum	Tildelt	Omsøkt tiltak	Vurdering
Atløy	Veteranbåtlag Atløy	1 987 000	270 000	140 000	Søknad omhandler sertifisering av mannskap og utstyr for fartøy som har passasjerløyve. Søknaden signaliserer relativt store utgifter til både istandsetting og drift. Utgifter er spesifiserte på sertifikat flåtar og drakter, bunkers, sertifikat mannskap.	M/S Atløy er ein tidlegare lokalrutebåt med passasjersertifikat for 60 pass. Tilskotet går til resertifisering av tryggleiksutstyr, kursing og sertifisering av mannskap.
Eitrheim	Jan Helge Oppedal	15 900	15 900	0	Det vert søkt om stønad til dekking av reiseutgifter, lokaleige og andre utgifter knytt til lagsarbeid, arbeid med historisk dokumentasjon og restaureringsplan.	Fartøyet er under 100 bruttoregister tonn (brt), og passasjersertifikatet er ikkje gyldig. Vi har likevel vurdert søknaden, men kjem til at vi ikkje tilrår stønad då administrative utgifter og utlegg til drift av organisasjon ikkje vert støtta gjennom ordninga. Vi er også kjende med at Riksantikvaren har sett av midlar til å få utarbeidd ein teknisk historisk dokumentasjonsrapport for fartøyet.
Gamle Nyborg	A. Andersen Shipping AS	114 498	114 498	65 000	Søknaden skildrar naudsynte investeringar for å kunne halde sikker drift og oppretthalde mellombels godkjenning frå Sjøfartsdirektoratet. Søker om mellom anna innkjøp av brannutstyr, sikkerheitsutstyr og tilskot til kaileige.	Nyborg er eit stort lastefartøy som er underlagt strenge krav for å oppretthalde fartslovyve. Tilskotet går til utstyr som tryggar bruken av fartøyet, herunder innkjøp av brannutstyr.
Granvin	Veteranskipslaget Fjordabåten	693 000	578 000	200 000	Søknaden skildrar utgifter som kjem i tillegg til vanlege driftsutgifter. Primært handlar det om fornying av sertifikat samt ekstra slippsetjing som følge av stålplateskift.	Freda lokalrutebåt som har fått pålagt store kostnader grunna status for skroget. Tilskotet går til fornying av sertifikat for utstyr og mannskap.

Hardingen sr.	Vestlandske Trafikk A/S	597 5000	2 975 000	0	Hardingen sr. har søknad under handsaming om fornya vernestatus etter eigarskifte. Ny heimehamn er Kristiansund. Søknaden skildrar store utgifter til istandsetjing. Dette er tiltak som fell utanfor denne tilskotsordninga.	Fartøyet vil ha store utgifter til istandsetting som først må på plass før fartøyet kan settast i drift. Likeins må spørsmål om vernestatus og heimehamn konkluderast før fylkeskommunen kan yta tilskot til fartøyet.
Haugefisk	Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane	100 000	100 000	90 000	Årleg sertifisering av redningsflåtar, kaileige, landstraum, telefon og forsikring.	Haugefisk vert brukt til formidling av autolinefiske mellom anna i samarbeid med "den kulturelle skulesekken". Vi tilrår stønad til årlege kostnader med sertifisering av flåtar og utstyr, samt kaileige og forsikring.
Lindenes	Veteranbåtlaget MS Lindenes	436 000	120 000	100 000	Søknaden omhandlar utgifter knytt til slippsetjing for 5-års klassing, samt forsikringspremie, sertifisering av redningsflåtar og brannutstyr, kursing av mannskap, kaileige og landstraum. Det vert også søkt om tilskot til ny lensepumpe og smøreoljepumpe.	Veteranbåtlaget MS Lindenes står framfor store kostnader knytt til klassing og fornying av sertifikater til mannskap og utstyr før sesongen startar. Veteranbåtlaget har god støtte i kommunen og dagleg drift/ettersyn vert gjort på dugnad. Tilskot til drift er mynta på utgifter til sertifisering, forsikring og kursing av mannskapet.
Mathilde	Hardanger og Voss museum	2 070 000	300 000	240 000	Det vert søkt om tilskot til forsikringar og sertifisering av flåtar og flytevestar, årleg slippsetjing og vedlikehald. I tillegg til relativt faste utgifter knytt til drivstoff, vedlikehald og mannskap, har fartøyet fått pålegg om redningssklier om bord (MES). Det er også trong for ny kjel til varmeanlegg.	Som seglande leirskulefartøy er Mathilde pålagt strenge krav til tryggleik, der nytt av året er MES - evakueringsystem. Dette er sklier som lettar entringa av flåtar dersom fartøyet må forlatast. I tillegg kjem sertifisering av anna redningsutstyr som vestar og flåtar og kostnader knytt til mannskap. Tilskotet skal gå til å imøtekomme pålagte utgifter til tryggleiksutstyr og sertifisering.

Midthordland	Det Midthordlandske	182000	150 000	110 000	Søknaden gjeld ISM-sertifisering og andre driftskostnader, samt kai-leige.	Det Midthordlandske Dampskibsselskab AS eig og drifrar fartøyet på dugnad. Sesongen 2020 har tært på eigenkapitalen og tilskotet er meint å gå til sertifisering av utstyr.
Nybakk	Ms Nybakks Venner	87346	83 346	75 000	Det vert søkt om tilskot til slippsetjing og diverse reparasjonar. I tillegg kjem utgifter til brannalarm-anlegg og sertifisering redningsflåtar.	Fiskefartøyet «Nybakk» er ei kravellbygd skøyte som i hovudsak dreiv med linefiske frå den vart bygd i 1961. Tilskotet skal gå til å dekke utgifter til naudsynt sertifisering.
Oster	Nordhordland Veteranbåtlag	327100	150 000	120 000	Søknaden gjeld periodisk ettersyn, resertifisering av redningsflåtar og brannsikring.	Norhordland veteranbåtlag legg ned mykje dugnadsarbeid og har synt stor gjennomføringskraft i ei årrekkje. Oster er sertifisert til å føre 99 passasjerar og krava til tryggleik er deretter. Tilskotet skal gå til å dekke utgifter til klassing og sertifisering.
Stord I	Stiftelsen D/S Stord 1	1838841	500 000	385 000	Søknaden synleggjer store driftsutgifter til bunkers og smøreolje, lys/varme, lagerleige, vakthald og forsikring. I tillegg kjem reparasjon og vedlikehald samt personalkostnader.	D/S Stord 1 er det største stålfartøyet i verneflåten som er heimehøyrande i Bergen. Driftskostnadane er store og alle seglingane i 2020 sesongen vart kansellert. Tilskotet vert gitt til personalkostnader/sertifisering og forsikringskostnader.
Sunnhordland	HSD Sunnhordland AS	3 600 000	3600000	150000	Største del av søknaden omhandlar tiltak som kjem inn under istandsetjing. Dei kostnadane som er knytt til forvaltning og drift er opplæring av mannskap (kr 225000) Sikkerhetssertifikat (kr 475 000)	MS Sunnhordland er det største fartøyet i verneflåten som er heimehøyrande i Vestland og har sertifikat for 180 passasjerar. Søknaden om driftsstøtte er vurdert ut frå at fartøyet saman med fem andre større fartøy òg får øyremerka tilskot til drift over post 74. Tilskotet er meint å gå til sertifisering av tryggleiksutstyr.

Svanhild	Stiftinga Svanhild	350 000	250000	100000	Søknaden skildrar trong for å oppgradere el-anlegg og brannvarslingsanlegg. Ved klassing vart det avdekka manglar ved samsvarserklæring, og utbetring er naudsynt for å oppretthalde sertifikatet. Det vert også søkt om tilskot til skifte av hovudmast.	Segljekta Svanhild er eit av våre to større seglfartøy i verneflåten. Fartøyet har fått pålegg om utbetring av det elektriske anlegget samt brannvarslingsanlegget for å oppretthalde sertifikatet. Vi tilrår stønad til utbetring av pålegg, men finn arbeid med mastra å vera utanfor føremål med ordninga. Tilskotet frå 2020 på kr 150000,- er overført til 2021 og må sjåast i samband med årets løyving.
Vestgar	Øygardsbåtane AS	290 600	200000	145000	Det vert søkt om tilskot til å dekke utgifter knytt til årleg kontroll og oppgradering av sikkerheitsutstyr, samt kompetanseheving for mannskapet. Like eins legeattestar, samt forsikring for fartøy, passasjerar og dugnadsfolk.	Vestgar er eit freda fartøy med sertifikat for å føre 100 passasjerar. Vestgar deltek på kulturarrangement og vert brukt både i samband med opne turar og charter. Tilskotet er meint å stø under kostnader til forsikringar og resertifisering av tryggingssystem.
Vulcanus	Vulcanus Taubåtkompani	480 000	250000	80000	Største del av søknaden omhandlar kostnad knytt til hovudklasse for fartøyet. Andre utgifter som er nemnt i søknaden er straum, lagerleige og anna nødvendig vedlikehald. Vidare skal tryggingssystem resertifiserast og mannskap skal ha oppdaterte kurs og legeattestar.	Slepebåten Vulcanus skal ha hovudklassing seinast april 2021. Det kan representere ein stor kostnad i tillegg til andre meir og mindre faste utgifter. Tilskotet er meint å gå til straum, lagerleige og løpande utgifter til vedlikehald / tryggleik.